



Arkivnr: 2018/16480-118

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		05.09.2019

Planlegging av Haustkonferansen 2019

Samandrag

Som det kom fram av PS 53/19, var føresetnaden frå administrasjonen for at Haustkonferansen skulle verte arrangert i 2019 at den skulle vere eit felles prosjekt mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, utan ekstraløyvingar i budsjettet frå Hordaland. Når fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane ikkje ynskja å arrangere ei slik konferanse i år, var resultatet at Haustkonferansen 2019 måtte utgå. Fylkeseldrerådet vedtok i rådsmøte 19.06.19 å likevel arrangere denne konferansen.

Ettersom fylkeseldrerådet i Hordaland, slik kommunal- og moderniseringsdepartementet ser det, berre skal drive naudsynt avviklande verksemd etter at fylkeseldrerådet i Vestland er vald, måtte fylkesrådmannen ta ei ny vurdering på om Haustkonferansen kunne gjennomførast. Fylkesrådmannen har no slått fast at Haustkonferansen 2019 kan gå som planlagd.

Hotel Grand Terminus i Bergen sentrum er booka 5. og 6. november, med dagpakke for 60 stk og overnatting for 50 av desse (det er per i dag mogleg å utvide bestillinga). Det vil seie at fylkeseldrerådet no berre har to månadar på seg til å planlegge og arrangere denne konferansen.

Som følgje av dette vert fylkeseldrerådet no bedne om å vedta:

- tema for konferansen
- aktuelle faglege føredragshaldarar
- aktuell underhaldning og anna ikkje-fagleg innhald
- kven som skal inviterast
- eventuell arbeidsfordeling, både føre og under konferansen
- andre punkter de ynskjer å vedta i fellesskap

Vidare vil vi sterkt tilrå at de vedtek å gje arbeidsutvalet fullmakt til å arbeide vidare med konferansen, inkludert å slå fast og booke endeleg program. Dei øvrige medlemmane må likevel vere budde på å verte kontakta for bistand fram mot konferansen, med alt frå program til bordkort, då det er svært mykje som må på plass på kort tid.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan anna tilråding enn at arbeidsutvalet får fullmakt til å sjølvstendig arbeide vidare med konferansen, basert på det som de elles vedtek i denne saka.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.